

31.08.2018

Første lærling på Spar Uskedalen.



Eirik Skogseth er første lærlingen hos Spar Uskedalen.

**Det dukkar stadig opp nye hyggelege ungdommar i staben til Spar Uskedalen. Siste tilskot er ein blid og triveleg 20 åring frå Sunde, Eirik Skogseth. Eirik er historisk i den velkjende butikken vår på Sanden. Spar Uskedalen har vore ein god lærearena for mange ungdommar, men Eirik er den aller første lærlingen som får læretida si der.**

Eirik fortel at han tidlegare har gått 2 år på linja for Service og samferdsel ved Kvinnherad vidaregåande skule. 13.august starta han på 2 år med læretid på Spar Uskedalen. Han fekk melding frå opplæringskontoret om at det var læringsplass der og søkte. Han er svært glad for at han fekk denne plassen og har alt funne seg godt til rette. Han rosar både kollegaene og leiarane, og trivst allereie svært godt i jobben.

Ros får også læringen av dagleg leiar Bente Nilsen. 'Vi er veldig fornøgd. Han er ein flink gut som har hatt ein god start og er komen godt inn i arbeidsrutinar og oppgåver', seier ho. Sjølv om Spar Uskedalen har hatt mange ungdommar i opplæring og har fått gode tilbakemeldingar på det, er altså Eirik Skogseth den første lærlingen dei har hatt. Bente fortel at dei melde seg som lærlingbedrift til eit opplæringskontor som samarbeider med Spar/Norgesgruppen. Spar Uskedalen måtte også gjennom kurs for å bli godkjent som lærlingbedrift.

Ho fortel at læretida er lagt opp med 6 vekers intervall. No er hovudvekta på kundebehandling, betjening av kasse, post og tipping og vareplassering. Ved slutten av kvar 6 vekers periode kjem representantar frå opplæringskontoret og har samtalar og oppfølgjing.

'Erfaringane er svært gode, både fordi vi er svært fornøgde med Eirik, og fordi det er utviklande for oss. Det er lærerikt å følgja opp lærlingar', seier Bente Nilsen om erfaringane med ordninga til no.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland